



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

### **Søknad om overtaking av veg Fardal-Raunehaug**


Sogndal kommune søker med dette om at den kommunale vegen frå Fardal til Raunehaug vert overteke av Sogn og fjordane fylkeskommune som fylkeskommunal veg frå 1. januar 2016. Vi søker på grunnlag av standarden på vegen og tal innbyggjarar som nyttar vegen som lokal tilkomstveg.

Vegen frå Fardal til Raunehaug er oppgradert av Statnett i samband med bygging av ny trafostasjon på Hagafjellet. Vegen er bygd etter Statens vegvesen sine gjeldande normer. Vi vil få tilsendt «som bygd» teikningar i løpet av oktober, og vil vidarese teikningane til Dykk så snart vi har motteke dei.

Ifølgje SSB bur det om lag 200 innbyggjarar i området. Dei nyttar vegen som lokal tilkomstveg kvar dag. Det er og fleire gardsbruk i området. Det er venta at det vert fleire innbyggjarar i området etter at vegen har fått ein betydeleg betre standard.

Om de har behov for fleire opplysingar i saka ber vi dykk ta kontakt.

Med helsing



Kristian Losnegard Karlsen  
tenesteleiar kommunalteknikk

Vedlegg:

Kopi til: